



Fossevika kraftverk - Fossedalselva i Askvoll kommune. Uttale frå Fjaler kommune.

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 26.01.2015	Saksnr 005/15	Saksansvarleg COH
--	------------------------	-------------------------	----------------------

Arkivsaknr 15/52	Sakshandsamar Connie Hovland	Arkiv K2-S11
---------------------	------------------------------------	-----------------

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fjaler kommune ynskjer ikkje kraftutbygging i Fossedalen og går i mot at Småkraftverk A/S sin søknad om Fossevika kraftverk vert godkjent.

26.01.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 3 røyster (Kjartan Åsnes (SP), Frank Vik (SP) og Johnny Haugsbakk (V)).

KOM-005/15 VEDTAK:

Fjaler kommune ynskjer ikkje kraftutbygging i Fossedalen og går i mot at Småkraftverk A/S sin søknad om Fossevika kraftverk vert godkjent.

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	14.01.2015	Fossedalens vener	Fossedalen/Fossevika - høyring
4	I	15.01.2015	Sogn og Fjordane Turlag	Informasjon om Sogn og Fjordane Turlag sine synspunkt på søknaden om bygging av Fossevika kraftverk.

Fjaler kommune har pr. 16.01.15 motteke kopi av to merknader i saka og desse ligg vedlagt.

Kartvedlegg: arealbruksplan for heile anlegget (vedlegg 3 i søknaden)

Ikkje trykte vedlegg i saka

1 I 14.01.2015 NVE

Fossevika kraftverk - Fossedalselva, Askvoll
kommune

Søknaden kan lesast/lastast ned på NVE sine heimesider:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=7344&type=11>

SAKSUTGREIING:

NVE har sendt søknad om Fossevika kraftverk på høyring saman med 11 andre søknader i Askvoll, Førde og Naustdal. Søknadane skal handsamast samtidig av NVE og samla belastning skal vurderast. NVE ber høyringspartane vurdere kvar sak for seg, men og alle sakene samla dersom det er aktuelt.

Fjaler kommunen har ikkje motteke søknaden på høyring, men ynskjer likevel å gje ein uttale i saka til NVE og Askvoll kommune. Fjaler kommune har tidlegare uttalt seg i samband med søknad om flytting frå kategori II til kategori I i samla plan for vassdrag, for ei utbygging i Fossedalsvassdraget. Kommunestyret i Fjaler fatta då følgjande vedtak:

KOM-099/04 VEDTAK:

Fjaler kommune ynskjer ikkje kraftutbygging i Fossedalen og går i mot at Småkraftverk A/S sin søknad om flytting frå kategori 2 til kategori 1 vert etterkommen.

Omtale i oversendingsbrev frå NVE:

Fossevika småkraftverk vil nytte eit fall på 221 m i Fossedalselva med inntak på kote 225 og kraftstasjon på kote 4. Vassvegen på om lag 1120 m er planlagt som sjakt/tunnel og dei siste 120 m som nedgrave rørgate. Masser frå tunnel er planlagt nytta til bygging av molo og kai i forbindelse med kraftstasjonen. Overskotsmasser er planlagt dumpet i fjorden. Rørtrasé frå kraftstasjonsområde til påhugg vert nytta til tilkomstveg og frakt av tunnelmasser i anleggsfasen. Det er ikkje planlagt permanente veger og inntaket skal byggast med helikopter. Middelvassføringa er 1728 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2935 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,76 MW og etter planane gje ein produksjon på 18,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 m lang elvestrekning i Fossedalselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 400 l/s frå inntaket i perioden 01.05-30.09, og 120 l/s resten av året.

Samandrag frå konsesjonssøknaden:

Fossevika småkraftverk vil utnytte fallet i Fossedalselva, Askvoll kommune mellom kote 225 moh og 4moh. Kraftverket vil utnytte et nedbørfelt på til sammen 16,0 km². Spesifikk avrenning er beregnet til 108 l/s x km², som gir et samlet årstilsig på 54,6 mill m³. Middelvannføring ved inntaket er 1,73 m³/s.

Det planlegges kraftverksinntak i Fossedalsvatnet på kote 225 moh. Vannvegen blir om lag 1050 m lang og utføres som fjellanlegg i kombinasjon med nedgravd rørgate. Kraftstasjonen plasseres i dagen med gulv på kote 4 moh.

Kraftverket vil ha en installert effekt på 5,5 MW. Gjennomsnittlig årlig produksjon er beregnet til 18,6 GWh. Kraftverket tilkobles eksisterende 22 kV-linjenett via en 1000 m sjøkabel.

Utbygging av Fossevika småkraftverk vil gi redusert vannføring i Fossedalselva i en samlet lengde av 1500 m. Det er vurdert at utbyggingen vil gi liten til middels negativ konsekvens for terrestrisk miljø. For tema landskap og friluftsliv er utbyggingen vurdert å gi middels negativ konsekvens. For øvrig utredede tema er det vurdert at utbyggingen kun vil gi liten til ubetydelig negativ konsekvens.

Utbygging av Fossevika kraftverk tar hensyn til kulturminner ved Vikafossen, og vil legge til rette for å utvikle og utvide Fossevika sitt potensial på ein heilskapleg måte. Planer for kraftverket er tilpassa planer for restaurering av Fossevika og Eikjeskora, slik at begge planer kan realiseres etter en samlet plan.

Det vil bli utført en undersøkelse av naturbeitemarka i Fossevika i løpet av barmarksesongen 2015. Resultatene av undersøkelsen vil legges ut på NVE's nettsider og ettersendes høringspartene som uttaler seg i saken.

Tunnelmasser vil i hovedsak gå til bygging av molo og kai. Overskuddsmasser vil dumpes i fjorden, fortrinnsvis på samme lokalitet som dumping fra veianlegget Dalsfjordsambandet, nylig er dumpet.

Det er planlagt slipp av minstevannføring på 400 l/s i sommersesongen og 120 l/s i vintersesongen.

VURDERING:

Fossedalen hørte fram til 1990 til Fjaler. Området er framleis eigd av stort sett dei same eigarane som då det hørte til Fjaler. Området ei eit mykje nytta turområde for folk frå Fjaler.

Det er framleis eit stort lokalt engasjementet mot utbygging i dag. Dette er tufta på folk i Fjaler sin bruk av Fossedalsområde som turområde/rekreasjonsområde. Fossen i Fossevika utgjør eit visuelt bilete, ikkje minst sett frå kommunesenteret vårt, som har mykje å seie for dei som bur her.

Fjaler kommune er ikkje samd i konsekvensvurderingane som er utført for landskap og friluftsliv og meiner at verdien er satt for låg og at konsekvensen for desse tema er meir negative enn slik dei er vurdert både i anleggsfasen og driftsfasen.

Fossedalsområdet er i dag mykje meir tilgjengeleg etter at Dalsfjordbrua vart opna og det vart tilrettelagt med parkeringsplass ved brua og sti vidare til Fossevika. Dette gjev ikkje berre auka tilgjengelegheit til Fossvika og Fossedalen, men til eit stort friluftsområdet med mellom anna to aktivt brukte turlagshytter. Området har ein stor verdi regionalt som friluftsområde og er no det største utfartsområdet for folk i Fjaler. Det er og eit viktig varemerke i Dalsfjorden, saman med Laukelandsfossen for friluftsliv og reiseliv. Redusert vassføring vil medføre ein betydeleg reduksjon av fossen og elva sin verdi som eit viktig landskapselement.

Tiltaket gjev liten sysselsetting ut over anleggsfasen og vil ha ein negativ verknad for andre næringar, då det vil påverke og redusere muligheitene til å utvikle reiselivsaktivitetar som overnatting, naturopplevingar og frilftsaktivitetar.

Det synest å vere rimeleg godt grunnlag for å seie at det er stor motstand mot å gjennomføre denne type tiltak i dette området. Fjaler kommune har og tidlegare uttalt seg negativt til kraftutbygging i Fossedalen i samband med høyring av endring av kategori i samla plan i 2010. Fossedalsområdet er eit lokalt og regionalt viktig friluftsområde og eit viktig landskapselement i Dalsfjorden og Fjaler kommune rår sterkt frå at det vert gjeve løyve til kraftutbygging i Fossevika/Fossedalen.

